



Årsmelding 2014

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.14 - 127 medlemmar. Det stod 21 personar på venteliste for tildeling av båtplass. Av desse er det 19 personar med adresse Naustdal og 2 personar med adresse i andre kommunar.

Styret har hatt 5 styremøter og handsama 16 saker. Det viktigaste styret har arbeidd med er nemnt i årsmeldinga.

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2014.

Styret:

Leiar: Egil Gulholm
Skrivar: Jan Petter Sæbø
Kasserar: Sverre Nordgård
Styremedlem: Daniel Stave
Styremedlem: Oddbjørn Schei

Vara: Knut Elvebakk
Vidar Falkenstein

Revisor: Svein Øverland
Bjørn Olav Erdal

Valnemnd: Henning Svoen
Odd Haugsbakk

Rekneskapsførar

Styret har i 2014 hatt avtale med Sverre og Olaug Nordgård som rekneskapsførarar for Naustdal Båtlag. Arbeidet omfattar å føre rekneskap, betale rekningar, sende ut faktura, ajourføre medlemslister, sal og kjøp av båtplassar, oppdatere venteliste, ajourføre heimesida og andre oppdrag knytt til økonomiske forhold i samråd med styret.

Båtlaget har betalt kr. 12.000,- i godtgjersle og kr. 2.000,- for bruk av utstyr, telefon, kontorleige mv.

Hamnesjefar

Henning Svoen og Leif Hafstad har vore hamnesjefar i 2014.

Hamnesjefane har vore kalla inn og møtt på styremøta. Hamnesjefane har ikkje stemmerett.

Hamnesjefane har motteke kr. 1.000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kontaktperson for utleige av straummålar

John Bendiksen overtok som ansvarleg for å administrere utleige av straummålarar i båthamna. Han skal og sjå til at bruk av straum i båthamna skjer i samsvar med hamnereglane.

Godtgjersle til tillitsvald

Skrivar og leiar i båtlaget har motteke kr. 1000,- i godtgjersle for telefonbruk mv.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har vore omsett 9 båtplassar i 2014, tre 4 meter plassar, fire 6 meter plassar og to 8 meter plassar. I tillegg vart ein 4 m plass fakturert i desember 2014 der betaling vart mottatt i 2015. Ein 6 meter plass vart betalt ut til seljar i 2014, og vert seld no i 2015.

Investeringar i båthamna

Årsmøte i 2014 gjorde vedtak om å leggje opp nytt elektrisk anlegg i båthamna innanfor ei kostnadsramme på kr. 175.000,-

Nytt elektriske anlegget i båthamna var på plass hausten 2014. Anlegget stettar no krava i NEK 400-7-709 som gjeld for marinaer. Arbeidet vart utført på dugnad av medlemmar i båtlaget.

Det står att å byte søyla på gjestebrygge, legge ut og kople til ny sikringskurs/kabel til dieselpumpe og montering av jordelektrode på brygge i vest og aust.

Utstyr, kabel mv. er kjøpt inn, og vi reknar med å bruke om lag 30 timar på arbeidet. Dette vil bli gjort våren 2015.

Det elektriske anlegget kom på kr. 182 885, der 25 800 er fakturert rekneskapet i 2015.

Det er og eit krav om at båtlaget må ha på plass internkontrollsystem opp mot HMT (Helse-Miljø-tryggleik). Styret tek sikte på å få på plass dette i 2015.

Lagerplass i båthamna

I driftsbudsjettet for 2013 var det avsett kr. 10.000 til lagerrom i bua i vestre hamn. Styret vurderte at eit slikt lagerrom ikkje ville dekkje dei behov båtlaget har, og det vart arbeidd med å finne andre løysingar. Vi fekk vi tilbod om å kjøpe ein container som var isolert og i god stand for kr. 15.000. Vi fekk avtale med Endre Gundersen om å plassere den i vestre hamn. Containeren var på plass hausten 2014. Det er planar om å leggje inn straum og sette opp hyller/reolar i 2015.

Dugnad

I 2014 vart det utført 312 timar dugnad i båthamna, og av desse vart 242 timar godtgjort med kr. 100,-. Totalt vart det utbetalt kr. 24.200 i dugnad. I tillegg har styremedlemmane til saman utført ca. 160 timar dugnad i samband med interne og eksterne møter, arbeid med saker mv.

Gamle brygger som vi skifta ut i 2013, er mellombels lagra på meieritomta etter avtale med kommunen. Styret vil vurdere om nokon av desse kan reparerast og brukast opp att.

Det vart i 2014 og gjennomført årleg vedlikehald i båthamna. Dette omfatta vask og olje av trevirke på flytebrygger, gjestebrygge, nedgangsbuer og diesel bu.

Opplags- og parkeringsplass i vestre hamn vart rydda og grusa opp att. Her fekk vi god hjelp av Naustdal kommune.

I tillegg til det årlege vedlikehald i båthamna skal vi i 2015 merke opp att nye brygger med nummer, og eventuelt andre brygger der merkinga er dårleg. Landgangen til kai ved slippen skal setjast fast, det må leggjast ut nye fortøyingar og fortøyingslodd må reparerast.

Vi har hadde havari på landgangen i vest i februar månad, og grunnen var at kjettingar som skulle holde brygga til land slitna. Det vart skade på ein koplingsboks og kledning på Bua. Reparasjonar vart utført i slutten av februar månad.

Møte med Naustdal kommune

I august 2014 var båtlaget i møte med Naustdal kommune, der vi informerte kommunen om båtlaget sin investerings- og prosjektplan for perioden 2014-2017. Det var teke opp med kommunen om det er mogeleg å søkje om eksterne midlar til nokre av prosjekta. Bruk av meieritomta var eit av prosjekta som vart teke opp med kommunen. Kommunen informerte om at dei hadde inngått ein intensjonsavtale om sal av tomta. Det var ikkje mogeleg for kommunen å gjere noko avtale med båtlaget.

Vidare tok vi opp avtalen mellom kommunen og båtlaget om disposisjonsretten til båthamna. Gjeldande avtale er gyldig i 25 år til 1.1.2020. I samband med fornying av avtalen vart eigarforhold i vestre hamn teke opp. Kommunen ville sjå på dette og det har vore kontakt mellom båtlaget og kommunen utover i 2014.

Investering- og vedlikehaldsplan for 2014-2017

Eit av prosjekta som var sett opp i investering- og vedlikehaldsplanen i 2015 var utbygging av fleire båt plassar på innsida av moloen og mot fylkesvegen. Vi har hatt kontakt med kommunen og Statens vegsen og slik det ser ut må det gjerast ei grundig konsekvensanalyse om vi skal få etablert brygger opp mot fylkesvegen. Årsaka er dårleg grunnforhold og ein er usikker på om massar under fylkesvegen kan gli inn i båthamna. Denne saka er ikkje klar for årsmøte i 2015, men det vil bli arbeidd vidare med dette prosjektet i 2015, og styret tek sikte på å leggje fram eit forprosjekt med for årsmøte i 2016.

Når det gjeld dei andre prosjekta i investering- og vedlikehaldsplanen viser vi til revidert plan som vert lagt fram som eiga sak til årsmøtet.

Registrere Naustdal Båtlag i Brønnøysundregistra

Styret søkte i mai 2014 om å registrere båtlaget som foreining i Einingsregisteret.

Båtlaget oppfylte ikkje vilkåra for å bli registreret som foreining i Einingsregisteret. Derimot meinte Einingsregisteret at båtlaget kunne registrerast som samvirkeføretak.

Styret har fremja ei eiga sak på dette til årsmøtet.

Lover

Lovene var sist revidert på årsmøte i 2014, men styret ønskjer å tilpassa lovene slik at vi og oppfyller krav i samvirkelova. Styret har fremja ei eiga sak om endring av lovene til årsmøte.

Hamnereglar

Hamnereglane vart sist revidert på førre årsmøte. I samband med at det er krav i NEK 400-7-709 som regulerer tilkopling til straumforsyninga i båthamna legg styret fram ei eiga sak for årsmøte om endring i hamnereglane.

Pris på straum og diesel

Det er styret som skal fastsetje pris på straum og diesel. Prisen på straum for 2013/2014 var kr. 1.50 per KWh og diesel kr. 9.60 per liter. Differansen mellom kva båtlaget betalar for straum og prisen medlemmar har betalt har til dels vore stor. Styret har utarbeidd retningslinjer for fastsetjing av straum som vil gjelde for 2014/2015. Styret meiner båtlaget ikkje skal tene på sal av straum til medlemmar.

Når det gjeld diesel vert dieseltanken fylt opp 2-3 gonger i året. Utsalprisen på diesel ved dei ordinære bensinstasjonane varierar frå veke til veke og marginen mellom innkjøp og sal av diesel er ikkje høge. Båtlaget kan ikkje regulere utsalprisen like ofte som dei ordinære bensinstasjonane, men samtidig må vi sikre oss ein margin der vi minimum dekkjer dei reelle kostnadane. Styret har utarbeidd retningslinjer for fastsetjing av pris på diesel i båthamna.

Retningslinjene vil vere tilgjengeleg på heimesida.

Informasjonstavle

Naustdal kommune skaffe for nokre år sidan informasjonstavler, der ei er plassert ved gamlebrua og ei på Naustdalsneset. Vi har fått lovnad på å få ei slik tavle og plassering av tavla skal skje i samråd med kommunen. Styret tek sikte på å få informasjonstavla på plass i 2015.

SMS varsling

Båtlaget kan no tilby SMS varsling til medlemmane. Det kan for eksempel vere aktuelt i samband med forhold i båthamna, uvær etc. eller ei påminning om årsmøte, dugnad mv. Ordninga er gratis for medlemmane. Ønskjer du SMS varsling må styret ha ditt mobilnummer. Send ein SMS til styret ved Daniel Stave, mobil [908 35 306](tel:90835306) og skriv i meldinga «Ønskjer varsling» og ditt namn.

Heimesida

Styret vil oppmode medlemmane om å sende inn forslag til kva informasjon som bør vere aktuelt å leggje ut på heimesida.

For styret

Egil Gulholm

-leiar-